



Årsmelding for 2013

INNHALD

Styret, underutvalg og arbeidsgrupper	s. 3
Representantskapsmøte	s. 4
Tilsette og ekstrahjelp	s. 6
Arboretprisen og Magnoliaprisen	s. 7
Dugnad og arbeidshjelp	s. 8
<u>Forskningsrelatert aktivitet:</u>	
Fagkontakt og forskningssamarbeid	s. 9
Rapport frå vitenskapeleg medarbeidar	s. 9
<u>Formidling og forvaltning:</u>	
– Undervisning og informasjon	s. 10
– Informasjonsprosjektet	s. 10
– Omvisning og orientering	s. 10
– Fugleprosjektet	s. 11
– Registrering av sopp	s. 12
– Flaggermusprosjektet	s. 13
– Generelt plantearbeid	s. 15
– Vegetasjonskontroll	s. 15
– Dammar, vegar, plenar	s. 16
– Rydding og hogst	s. 17
– Flis og ved	s. 18
– Brannvern	s. 18
– Bygningar og anlegg	s. 19
– Bil, maskinar og utstyr	s. 19
– Kontor og administrasjon	s. 20
– Planar om nybygg	s. 20
– Kurs for staben	s. 20
– Diverse	s. 21
– Vegar og stiar i Rogaland Arboret	s. 22
Støtte til Arboretet	s. 23
Resultatrekneskap 2013 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 25
Årsberetning 2013 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 31
Revisorberetning 2013 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 32
Resultatrekneskap 2013 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 34
Årsberetning 2013 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 37
Revisorberetning 2013 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 38
Likviditetsbudsjett for 2014	s. 41
Arbeidsplan for 2014	s. 42
Utplanta i 2013	s. 43
Vedtekter for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 45
Vedtekter for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 46
Sponsorside (sjå s.23) – med logoar i ferdig trykt utg	s. 47

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2013

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 29.04.2013 har samansetninga vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Olav Folkvord, formann	2016*)	Mindor Jelsa (1)	2016
Torill Idland, nestformann	2015	Karin Byre Korneliussen (2)	2016
Reidunn Oline Skadsem	2016	Steinar Borgen (3)	2016
Siri Bryne Ringstad	2016		
Per Steinar Lothe	2016		
Odd Arild Kvaløy	2016		
Evald Storaas Traa	2016		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Formannen er på val kvart år.

Faglig utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2015
Ellen Tjørnholm Bøe	01.07.2016
Inge Christ	01.07.2015
Anne-Cathrine Scheen	01.07.2016
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordfører i Representantskapet	Bjørn Bråtveit, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	Sumergo DA
Valkomitè – årleg val	Dag Tveit, leiar
	Karen Fosså Handeland
	Martha Lea

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og John Ivar Lima

Møter

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møter
Faglig utvalg	3 ordinære møter

REPRESENTANTSKAPSMØTET 29.04.2013

18 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå valkomitéen møtte Steinar Borgen. Frå Styret møtte Torill Idland, Reidunn Oline Skadsem, Martha Lea, Olav Folkvord og Ivar Sørensen. Frå staben møtte John Ivar Lima. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Bjørn Bråtveit.

Magnar Bø og Helge Mattingsdal var spesielt inviterte til møtet for å motta Arboretprisen, men Mattingsdal måtte melde forfall.

Konstituering

Som referent blei vald John Ivar Lima. Inger Tjåland og Leiv Velle Åreskjold blei valde som medunderskrivarar til protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisormelding blei samrøystes godkjende utan særskilde merknadar.

Under gjennomgangen av årsmeldinga blei det svart på spørsmål og kommentarar fort-løpande, både av styrerepresentantar og driftsleiar.

Bjørn Håland hadde ein del spørsmål og kommentarar knytta til planprosjektet for eit evt. nybygg. Han meinte at det var for sparsamt med informasjon om dette i årsmeldinga. Han fekk støtte frå Kåre Strand med ynskje om at det i oppsettet for neste års rekneskap bør gå klarare fram kva kostnader som spesifikt er brukte til dette plan- og prosjekteringsarbeidet. Ivar Sørensen orienterte og klargjorde om den økonomiske situasjonen og bakgrunnen for Styret sitt framlagte likviditetsbudsjett. Vidare orienterte Olav Folkvord om Styret sine planar og prioriteringar, og la spesielt vekt på dei økonomiske utfordringane som ligg føre og behovet for å skaffe Arboretet fleire inntektskjelder på lengre sikt. Han minna i denne saman-heng om dei ulike behova som finst for nye fasilitetar som viktige element i det å kunne utvikle Arboretet vidare.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sine forslag.

Som styremedlemmar blei både Reidunn Oline Skadsem og Olav Folkvord attvalde ved akklamasjon.

Som nye medlemmar i Styret blei Siri Bryne Ringstad, Per Steinar Lothe og Odd Arild Kvaløy samrøystes valde ved akklamasjon.

Som varamedlem blei Evald Storaas Traa attvald ved akklamasjon.

Ragnvald Albretsen meldte ifrå kort tid før møtet om at han ville trekke seg frå styrevervet.

På kort varsel foreslo difor valkomitéen sin formann at varamedlem Evald Storaas Traa skulle rykkje opp som fast medlem i Styret.

Som varamedlemmar, i nummerert rekkjefølgje, blei Mindor Jelsa, Karin Byre Korneliussen og Steinar Borgen valde ved akklamasjon. Som følgje av at Traa rykte opp som fast medlem, blei Borgen spurt om å stille som 3. varamedlem.

Revisor. Sumergo DA blei samrøystes attvald som revisor.

Ordførar i Representantskapet. Bjørn Bråtveit blei samrøystes attvald ved akklamasjon.

Valkomit  – 1  r

Karen Foss  Handeland, Martha Lea og Dag Tveit blei samrøystes valde ved akklamasjon.

Som formann blei Dag Tveit vald ved akklamasjon.

Budsjett og arbeidsplan for 2014 blei lagd fram til orientering.

Eventuelt

Enkeltspørsmål og kommentarar frå representantane blei svart på etter kvart i møtet.

Utdeling av Arboretprisen

På vegne av Styret overrekte Ivar Sørensen Arboretprisen til Magnar Bø for sin store dugnadsinnsats med Fugleprosjektet gjennom 22 år.

Helge Mattingsdal, som ikkje kunne møta denne dagen, fekk overrekt Arboretprisen i samband med juleavslutninga i Arboretet 9. desember. Han har i 28 år vore ansvarleg for arbeidstreningssopplegget i samarbeidet vi har har med Gand vgs.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

**SAMRÅDSMØTE MED DEI BIDRAGSYTANDE KOMMUNANE
12.09.2013**

Utgangspunktet for møtet var at dette skulle vere ei oppfølging av samrådsmøtet frå juni 2011. Håpet frå Arboretet si side var å få på plass ein avtale som kunne sikre ein betre forutsigbarhet, større driftsbidrag og der indeksreguleringa blei bakt inn.

Ut ifrå dette møtet blei det så utarbeida eit forslag til felles tekst, og som kunne takast inn i dei resp. kommunane sin økonomi- og handlingsplan 2014 – 2017:

«Primærkommunene som er stiftere i Rogaland Arboret og styret i stiftelsen, avholdt den 12.9.2013 samrådsmøte om fremtidsutsikter for arboretet. Kommunene er enige om det inngås en 4 årig avtale fom 2014 som håndterer driftstilskuddet, og der det foreslås at Sandnes yter kr 14,- pr innbygger, Stavanger kr 5,- og øvrige kommuner kr 8,-.

Det er videre enighet om at det i løpet av avtaleperioden skal utredes og fremmes forslag til fremtidig organisering/eierform for stiftelsen. Den vitenskapelige delen av arboretet må vektlegges her på samme måten som at fortsatt frivillig innsats og samarbeid med andre aktører sikres. Arbeidet ledes av rådmennene».

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.
Olaug Marie Høie, kontoransvarleg. Tilsett 26.03.2001.
Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.
Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.
Lee Johnsgaard Hinley, fagarbeidar. Tilsett 01.04.2008.
Dariusz (Darek) Gol, maskin- og vedlikehaldsarbeidar. Fast tilsett 01.01.2013.

Fram til 01.05. disponerte vi 40 % av ein forskarstilling. Stillinga blei oppretta ved ein samarbeidsavtale mellom Arkeologisk museum – UiS, Stavanger botaniske hage (Stavanger kommune) og Rogaland Arboret. Det var Arkeologisk museum – UiS som administrerte og hadde det formelle arbeidsgjevaransvaret for denne stillinga. Anne-Cathrine Scheen blei fast tilsett i denne stillinga 01.10.2011, etter at ho hadde vikariert i stillinga sidan 01.09.2010. Scheen sa opp stillinga med verknad frå 01.05., og gjekk over i ei nyoppretta fast stilling som fagleg leiar for Stavanger botaniske hage. Avtalen mellom Arkeologisk museum – UiS, Stavanger kommune og Rogaland Arboret blei difor avslutta 30.04.2013.

EKSTRAHJELP

Åshild Birkeland, student, vaskehjelp (105 t.)
Ingeborg Oseland, student, vaskehjelp og sommarhjelp (tot. 235 t.)
Lisabeth Oseland, student, vaskehjelp og sommarhjelp (tot. 190 t.)
Ingrid Høie Vadla, student, sommarhjelp (150 t.)
Sigmund Oseland, student, sommarhjelp (113 t.)
Johannes Oseland, student, sommarhjelp (150 t.)
Frank Midttun Lima (student) arbeidde hjå oss 13. november i samband med Operasjon Dagsverk.

ARBORETPRISEN

Prisen får sitt synlege uttrykk i form av ein liten bronsemodell av inngangsportalen. Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester.

1990	Sandnes Sparebank	1997	Esso Norge
"	Johan Eik	"	Kverneland Underhaug
"	Sjur Svaboe	"	Stavanger tekniske fagskole
1991	Torstein Braut	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Arne F. Bryne	1999	Sven Åsland
"	Ingebret Folkvord	"	Lions Club Sandnes
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Riska
"	David Vatne	"	Lions Club Gjesdal
1992	Einar Biørn-Hansen	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jon Gjedebo	2001	Leif Refsnes
"	Jonas Nygaard	2003	Egil Skadberg
"	Anton Thomsen	2005	Statskog
1993	Lyse Kraft	2006	Sigurd Aarland
1994	Conoco Norway	"	Sven Halsne
"	J.J. og Lars Øglænds fond	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995	Einar Søndeland	2013	Magnar Bø
"	Alf Hansen	"	Helge Mattingsdal

MAGNOLIAPRISEN

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjere naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet. Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

2009 Tore Randulff Nielsen

DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Heilt sidan 1985 har vi hatt eit godt og nyttig samarbeid med elevar og lærarar frå **Gand videregående skole**. Lærar Helge Mattingsdal har heile denne tida hatt ansvaret for ei gruppe elevar som har hatt arbeidstrening her kvar veke. Dei seinare åra har han hatt med seg andre kollegaer, som dette året var Toril Laksesvela, Sigurd Sigurdson og Ole Johan Bringeland. F.o.m. hausten 2009 har gruppa blitt delt, slik at dei har vore her og hjelpt oss 2 gonger i veka. Ved at elevane får god oppfølging heile tida, er dette opplegget for det meste sjølvgåande. Med litt tilrettelegging i form av utstyr og køyretøy, klarar dei seg utmerkt på eiga hand. Dette samarbeidsopplegget er ei bonusordning for oss, men det gleder oss også å vite at dette er til gjensidig nytte for begge parter.

Lions-klubbane i regionen har heilt sidan 1990 hatt ansvaret for kafeteriadrifta i Aktivitetshuset vårt. Det har blitt lagt ned eit stort antal dugnadstimar blant medlemmane i Lions Club i dette opplegget. All denne frivillige innsatsen, kopla med idealisme og velvilje, har også gitt Arboretet sårt tiltrengte og årvisse inntekter. Dette samarbeidet har igjennom alle desse åra vore av stor verdi for Arboretet, og gjer at vi kan tilby ei enkel servering for våre besøkande gjennom heile året. I tillegg har eldsjeler i Lions Club også hatt ansvaret for gjennomføringa av det årlege rullestøppet «Full Rulle».

Magnar Bø la ned mange dugnadstimar i Fugleprosjektet også dette året, som vanleg med stor interesse og idealisme.

Medlemmar av Nyttevekstforeninga gjorde også dette året ein solid innsats i gjennomføringa av 6 soppkontrollar.

Vi har fått god hjelp på ulike måtar i oppbygginga av artssamlinga av Rhododendron i regi av **Rhodo Sør-Vest**.

Frivillige og interesserte i **Sandnes Idrettslag** gjer kvart år ein stor innsats i gjennomføringa av Arborettrimmen.

Det blei også lagt ned fleire dugnadstimar knytta til Flaggermusprosjektet, i regi av **NIFF**.

Sandnes Rotary Klubb var på dugnad i Arboretet 7. mai. Dei hjelpte oss med å stamme opp grantrea i området rundt parkeringsplassane. Det har også i deira regi blitt gjort ein innsats med undersøkingar omkring prosessen i vurderinga av alternative traséar for tilknytting til vatn-, kloakk- og fiberkabel fram til Arboretet.

FORSKINGSRELATERT AKTIVITET

Fagkontakt og forskingssamarbeid

Tilveksten i materialet av lind som inngår i Lindeprosjektet, var heller ikkje dette året heilt som forventa. Etterverknadane av rotfrostskaaden på grunnstammene vinteren 2011-2012 har hatt større negativ effekt enn det vi hadde håpa på. Restmaterialet av plantene stod også dette året under vidare oppal og tilsyn hos Folkvord Planter. Det har difor ikkje vore nokon særleg aktivitet i Arboretet knytta til dette prosjektet i 2013.

Etter invitasjon frå Stavanger kommune deltok både Olav Folkvord og Jøran Oseland på markeringa for Stavanger botaniske hage sitt 30-års jubileum. Første del av programmet var innvielsen av det nye driftsbygget til hagen, og seinare på ettermiddagen var det lagt opp til ein festlig jubileumsmiddag.

Gjennom samarbeidet med Stavanger botaniske hage har vi m.a. fordelten av å kunne dele på driftskostnadane for hagedatabasen IrisBG. Databasen er lokalisert på Stavanger kommune sin dataservert, og vi har tilgang til denne via ekstern pålogging. Gjennom dette samarbeidet får vi også avlastning ved at administrasjon, pakking og utsending av frø til frølista Index Seminum, skjer i Stavanger botaniske hage. Denne felles frølista blir gjort tilgjengeleg via heimesida vår.

Arboretet sitt bidrag til frølista dette året var innsamling og levering av frø frå 49 ulike artar, fordelt på slektene *Acer* (7), *Cercidiphyllum* (1), *Magnolia* (1), *Pterocarya* (1) og *Sorbus* (39).

Det blei elles sendt frø av 14 artar til Arne Ødegård, Skjold, frå slektene *Acer* (2), *Pterocarya* (1) og *Sorbus* (11).

Rapport frå vitenskapeleg medarbeidar, Anne-Cathrine Scheen:

Denne stillingen ble etablert som et resultat av samarbeidet mellom Rogaland Arboret, Stavanger botaniske hage (Stavanger kommune) og Arkeologisk museum (Universitetet i Stavanger). Scheen fordelte tiden sin (frem til 30.04.) mellom de tre partene og jobbet gjennomsnittlig to dager i uken for Rogaland Arboret.

Scheen har tatt seg av arbeidet med Index Seminum (frøliste) og frøbytteordningen med andre botaniske hager og arboret. I 2013 tilbød vi frø fra 16 ulike arter av rogn og asal (*Sorbus*) og lønn (*Acer*) samlet inn fra samlingene i Rogaland Arboret høsten 2012. Vi sendte ut 114 poser med frø til 23 ulike botaniske hager og arboret. Den mest populære arten var en slektning av rogn, *Sorbus microphylla*, som var ønsket av 12 ulike arboret og botaniske hager.

Scheen ledet arbeidet og diskusjonene mot en oppdatering av strategiplanen for Rogaland Arboret, både i Fagutvalget og i et arbeidsutvalg nedsatt av Styret.

Anne-Cathrine Scheen fratrådte sin stilling 30. april for en fast stilling i Stavanger botaniske hage, Stavanger kommune.

I 2011 blei det etablert kontakt med den danske Rhododendron-spesialisten og samlaren Ruddi Perriard frå København. Reidar Vigrestad og Oddbjørn Fosse, som representerte den nystarta lokalavdelinga av Den norske Rhododendronforening, fungerte som bindeledd og kontaktpersonar i denne første fasen. Same året resulterte dette samarbeidet i etablering og oppstart av ein samling av villartar i Arboretet.

Perriard har mange reiser og innsamlingsekspedisjonar bak seg, spesielt i den botanisk rike Yunnan-provinsen i Kina. Han sit på ei betydeleg mengde interessant plantemateriale, har eit stort kontaktnett, og sit på masse kunnskap om *Rhododendron-slekta* i sitt naturlege miljø.

Han har vist stor generøsitet og interesse i å bidra til å bygge opp ei spennande artssamling av villmateriale i Arboretet. Vi har fått gratis plantemateriale frå Perriard i 2 omgangar, dvs. både i 2011 og 2013. Flesteparten av plantene var både tilårskomne og store. På den måten har denne samlinga raskt blitt godt synleg ute i felten. Med finansiell støtte frå ein lokal sponsor, og god hjelp frå entusiastar i Rhododendronforeninga, fekk vi i 2013 eit interessant tilfang av 54 nye planter til samlinga. 35 av desse blei planta ut etter ankomst, og resten blei plasserte på vent til den komande opparbeidinga av feltet som er avsett til dei minste artane. Mange av dei utplanta artane er representantar for underseksjonen Taliensia, som er ei gruppe der dei fleste har eit stort prydpotensiale. Dokumentasjonen som følgjer dette materialet er god, noko som betyr at plantene også vil ha sin verdi som referansesamling i ein vitenskapeleg samanheng.

Gjennom samarbeidet med Øksnevad vgs., hadde vi i september 3 tyske gartnarstudentar på praksisbesøk (utveksling) over 9 dagar, fordelt over ein periode på 3 veker. Desse var Karin Benkmann, Lennart Felwor og Sebastian Schneiderheinze. Dei gjorde m.a. ein god innsats med oppreinskingsarbeidet i Øvre Dam.

FORMIDLING OG FORVALTNING

Undervisning og informasjon

Utover det å informere på nettet om ulike undervisningsopplegg, og ved å stille område og utstyr til disposisjon, blei det ikkje arrangert lærarkurs dette året.

Informasjonsprosjektet

Styret vedtok i 2011 å vidareføre prosjektet for ein ny femårs-periode, dvs. 2011 – 2015. Det er eit uttalt mål å styrke det generelle informasjonsarbeidet i Arboretet. I denne fasen betyr det oppgradering av kartbasen inkl. nytrykk av kart og etablering av naturstiar. I tillegg har det over tid vore eit ynskje å kunne utarbeide eit fleksibelt undervisningsopplegg, som både skulane og andre interesserte besøkande kan gjere seg nytte av.

Vi er avhengig av ekstern fagleg bistand i arbeidet med å få på plass eit nytt oppdatert kartverk over Arboretområdet. Ein god del konvertering og oppgradering i kartbasen vår blei i løpet av året utført av Nettskog as i Kongsberg. Det gjenstår ein del arbeid på dette før ein er komen i mål med denne omfattande og krevjande oppgåva, men arbeidet vil halde fram i 2014.

OMVISNING OG ORIENTERING

09.04.	Gruppe på tur i regi av Haga Buss	Orientering	Oseland
24.04.	Gruppe frå Flyktningeenheten i Sandnes	Orientering	Lima
30.05.	Veteranane i Sandnes Idrettslag	Orientering	Oseland
17.06.	Gruppe frå Sola eldrecenter	Omvisning	Stangebye
18.06.	Gruppe frå Sola eldrecenter	Omvisning	Stangebye
02.09.	Gruppe av utveksl.studentar frå Øksnevad vgs.	Orientering	Lima

FUGLEPROSJEKTET

Allereie i 1978 blei det hengt opp 24 fuglekassar rundt om i Arboretet. Av hensyn til dei mange andre oppgåvene som måtte prioriterast, kunne vi ikkje drive oppfølging av desse. Registreringa blei i denne perioden difor litt tilfeldig. Dei fleste av desse kassane var nok helst borte då «Fugleprosjektet» kom i gang i 1991.

Preparant Odd Låtun ved Stavanger Museum, tok initiativet til å få produsert og hengt opp heile 88 fuglekassar. Odd Carlsson og Jim Lea tok seg av oppfølginga av desse, og Magnar Bø hadde frå starten av ansvaret for ringmerkinga.

Antalet fuglekassar som har hengt oppe, har variert litt gjennom åra. I 1994 var antalet 141 kassar. I 2006-sesongen hang det oppe ca 125 kassar.

F.o.m. 2009 har elevar frå Gand vgs. bidrege årleg med å produsere nye kassar til prosjektet, slik at ein får skifte ut dei dårlegaste kassane etterkvart. I 2013 hang det oppe ca 130 kassar.

Det blir årleg lagt ned mange dugnadstimar i dette prosjektet. Det blei i 2013 merka ein god del mindre på føringsplassen enn føregåande år.

Vi registrerte dette året ein gledeleg oppgang i antal kull av svartkvit fluesnapper. Dessverre mislukkast staren med hekkinga dette året, kanskje pga. ugunstege vérforhold i ein litt kritisk periode.

Ringmerking i Rogaland Arboret 2013

Ansvarleg for prosjektet er Magnar Bø.

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
Flaggspett	-	2	2
Rødstrupe	6	1	7
Svarttrost	5	-	5
Fuglekonge	-	2	2
Svartkvit fluesnapper	97	8	105
Kjøttmeis	196	1	197
Svartmeis	54	1	55
Blåmeis	42	1	43
Granmeis	-	3	3
Bokfink	-	2	2
Totalt 10 arter	400	21	421

Oppsummering av ringmerka fugl i Rogaland Arboret 1991–2013

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
1991 – 1992			509
1993	440	81	521
1994	439	197	636
1995	427	175	602
1996	572	40	612
1997	504	16	520
1998	239	30	269
1999	324	28	352
2000	212	1	213
2001	121	25	146
2002	188	4	192
2003	102	3	105
2004	208	142	350
2005	268	416	684
2006	371	289	660
2007	443	253	696
2008	293	373	666
2009	366	209	575
2010	466	162	628
2011	471	134	605
2012	300	122	422
2013	400	21	421
TOTALT			10 384

Antalsfordelinga mellom aldersgruppene frå 1991 – 1992 har vi dessverre ikkje oversikt over. Det er ringmerka totalt 10.384 individ i perioden 1991 – 2013, fordelt på 43 artar.

Pr 31.12.2013 er det observert totalt 120 artar i Arboretet.

Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få om du tek kontakt med kontoret.

Andre observasjonar

Svartspetten har vore ein årvisst gjest i Arboretet utover hausten og vinteren. Arten ser ut til å finne eit visst næringsgrunnlag i området til å ville opphalde seg her over litt tid. Naturleg nok er det i gamleskogen i Gløersens Minne vi høyrer mest til denne høglydde fuglen.

Ein syngjande vendehals gav nytt håp om at denne interessante arten kan vende tilbake som hekkefugl i Arboretet. Det blei også funne reir av krikkand på myra ved Skittjørn.

REGISTRERING AV SOPP

Dei første listene over registrert sopp i Arboretet blei førde i 1994, og sjølv om vi ikkje har gått systematisk til verks med dette arbeidet, er det fram til idag registrert totalt 187 artar her. Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få ved å ta kontakt med kontoret.

På 1990-talet blei det løyvd midlar og sett i gang eit landsomfattande soppkartleggingsprosjekt i Noreg. No kan alle i Noreg registrera funn av sopp (og planter) i ein sentral database. Nettstaden er www.artsobservasjoner.no.

Rogaland har eigen regionsansvarleg når det gjeld soppkartlegging, Kari Blikra, som kan gjve råd og vegleing om prosjektet.

Informasjon, kurs, utstillinger og andre aktiviteter knytta til sopp i Arboretet, skjer ved frivillig innsats av medlemmar i foreninga **Jærsoppen**.

Soppkontrollane i Arboretet er på same måte basert på frivillig dugnadsinnsats av dei soppsakkyndige.

Rapport fra soppesongen og aktiviteter i Arboretet 2013 v/Ellen Tjørnholm Bøe.

Vinteren 2012/13 var tørr med hard frost. Det førte til at blåbærbusker og lyng tørket ut, og den følgende bærseongen var svært dårlig. Det var kun litt villbringebær som kunne friste en bærplukker i Arboretet og Melsheia.

Ellers så har uttaket av skog i grenseområdene til Arboretet ødelagt en del av soppområdene ved at det ble laget masse kjørspor på kryss og tvers, og med mange trær som ble felt. På grunn av all denne slitaskjen i skogbunnen ble det ikke like attraktivt å bruke Arboretet som utgangspunkt for en soppstur.

Soppesongen var ikke den beste. Det kom litt sopp i starten av sesongen, men så kom det tørrvær igjen slik at de seine traktantarellene tørket opp. Giftige sopper, spesielt spiss giftslørsopp (*Cortinarius rubellus*) var det rikelig av.

Det kommer inn spiss giftslørsopp i kurver til soppkontroll gjennom hele sesongen, så soppkontrollene er viktige. Soppsakkyndige i Jærsoppen forsøker hele tiden å ha en form for opplæring under kontrollene, for å informere alle utlendingene som kommer til soppkontrollen og ikke er kjente med den norske soppfloraen.

Hver søndag i perioden 25.08. – 29.09. kl. 14.00 – 16.00 har det vært soppkontroll i Arboretet. På soppens dag 2. september startet kontrollen en time tidligere.

Soppens dag 2. september

For sjette året på rad ble Soppens dag arrangert i Norge, Sverige og Danmark.

Jærsoppen markerte dagen i Rogaland Arboret. Programmet var som følger:

- Introkurs i sikre sopper. Ellen Tjørnholm Bøe var kursholder mens Wendy Pollack tolket til de engelskspråklige deltakerne. Den planlagte turen måtte avlyses på grunn av striregn.

Ca 18 deltakere.

- Utstilling av de mest vanlige spiselige og de giftigste soppene.
- Soppkontroll
- Smaksprøver på soppesuppe og andre godsaker med smak fra naturen

FLAGGERMUSPROSJEKTET

Bakgrunn

I 1990 startet Stavanger museum et fuglekasseprosjekt i samarbeid med NOF avd. Rogaland. Både i 1992 og 1993 var en fuglekasse bebodd av flaggermus. 3 kasser var i bruk av flaggermus både i 1994 og 1995.

I juli 1994 ble Rogaland Arboret besøkt av Leif Gjerde fra Nordre Øyeren Biologiske Stasjon (NØBI). I forbindelse med et kartleggingsprosjekt på Jæren hadde Gjerde fått tips fra Bjørn A. Stangebye om flaggermus i loftet på hytta. Arboretet ble derfor besøkt av Gjerde hvor Stangebye ga en omvisning i området. I forbindelse med dette nevnte Stangebye at enkelte fuglekasser ble besøkt av flaggermus. I et brev den 18. mars 1995 foreslo derfor Gjerde at det kunne settes opp spesialkasser for flaggermus. Først 2 år senere (31.01.1997) ringte Stangebye Gjerde for å diskutere et mulig kasseprosjekt for flaggermus i Arboretet. Således

ble det sommeren og høsten 1997 hengt opp 36 flaggermuskasser i Arboretet. I 1998 ble alle kassene kontrollert 3 ganger. Da hadde allerede 11 av disse kassene spor av flaggermus. Med opprettelsen av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF) i 1997, har personer fra NIFF gradvis overtatt prosjektet. I dag er det Leif Gjerde som koordinerer prosjektet. Siden er flere nye og egenkonstruerte kassetyper blitt testet i Arboretet. 4 betongkasser konstruert av Denyer har hengt oppe i flere år. I 2007 ble det hengt opp 12 nye trekasser (på 6 trær), konstruert av Gjerde. Prosjektansvarleg er Leif Gjerde, **Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF)**.

Arbeid og status 2013

Området ble besøkt kun en gang dette året. Lea Likozar, Knut Åge Storstad og Leif Gjerde besøkte Arboretet 5. og 6. mai for å undersøke flaggermuskassene. Samtidig ble det utplassert en passiv detektor som registrerte all aktivitet ved Aktivitetshuset natt til 6. mai.

Den passive detektoren registrerer all ultralyd (passeringer av dyr) på en minnebrikke for senere analyser. Aktiviteten denne kvelden var stor, og fire arter ble registrert.

Pygmépipistrell (*Pipistrellus pygmaeus*), som er de som bruker kassene i Arboretet, ble det registrert 167 ganger denne kvelden. Også sosiale lyder (for paringstiden) ble registrert 23 ganger. Nordserotine (*Eptesicus nilssonii*) ble registrert 16 ganger, og ubestemt musøre (*Myotis sp.*) to ganger.

Ny art for Arboretet ble registrert på kvelden 5. mai. Dette var en båndpipistrell (*Pipistrellus pipistrellus*). Arten ble funnet første gang i Norge ved Mosvatnet i 1998. Arten er siden registrert regulært om våren ved både Mosvatnet og Lille Stokkavatnet. Men dette er første gang den er registrert i Arboretet, som forøvrig er fjerde lokalitet i Rogaland.

Mer informasjon om kasseprosjektet kan leses på www.flaggermus.no/fl_kasser.

GENERELT PLANTEARBEID

Det gjentakande og årlege vedlikehaldsarbeidet som gjeld tiltak mot rådyr, gjødsling, luking, grasslått, oppstamming, beskjæring, rydding, hogst med etterfølgjande fliskutting o.l., har i stor grad gått sin gang som føregåande år.

Det blei hengt opp ca 2.000 spesialinnpakka hotellsåper på dei mest utsette plantene for å hindre feieskader utført av rådyr.

Dette året blei det spreia ut ca 2.500 kg beinmjølbasert gjødsel (Marihøne+ 8-4-5). Dette er arbeid som blir gjort manuelt.

Sjølve plenflatene blei ikkje gjødsla, kun enkeltplantene som står plasserte der.

Det blei brukt flytande gjødsel på dei fleste Rhododendronplantene, med unntak av den nyare artssamlinga. Denne blei spreia ut vha. kanner, der tilblending og transport av den ferdige næringsløsninga blei gjort vha. 1000 l. plastcontainerar.

Lusproblemet hos nordmannsedelgrana i juletreffeltet såg ikkje ut til å ha utvikla seg noko særleg vidare. Her blei kun eit fåtal planter fjerna, som kanskje kunne representere ein smitterisiko.

Ein annan trussel mot fleire av edelgranartane våre er skadesoppen *Neonectria neomacropora*, «edelgrankreft». Denne skadegjeraren har hos oss over fleire år vist seg å angripe koloradoedelgran, men det skal visstnok vere fjelledelgran som er den mest mottakelege arten. Etter klare symptom på angrep, blei det på tampen av året fjerna så godt som alle dei gjenståande eksemplara av koloradoedelgran. Alle desse blei samla saman i ein stor haug i påvente av seinare brenning.

Den spesielt frostørre, snøbare og solrike ettervinteren, frå januar til mars, resulterte i omfattande tørke-/sviskadar på villeiner, blåbær og andre lyngvekstar her i regionen. I Arboretet merkast nok dette best på blåbærlyngen, som blei sett ganske kraftig tilbake i fleire område. Av det dyrka plantematerialet var det særleg skadane på trollhassel som overraska oss mest. I Trollhasselfeltet mista vi mesteparten av plantene, fleire titals store buskar. Elles var det skadar og utgang m.a. på mammuttre, kristtorn, einer, smålønner, solsyppress og andre vintergrøne småvekstar.

Vi fekk heldigvis utført vinterdekking med granbar på eit utvalg av andre tandre planteslag, i tillegg til nyplantingane av *Rhododendron*.

Arbeidet med å preparere feltet som er tenkt avsett til eit utval av dvergarter av Rhododendron, blei så smått starta opp i november. Her blei torvene spadde opp, sorterte og lagt til side for seinare bruk, som t.d. for plastring i samband med oppbygging og kantsetting av feltet.

Dette året registrerte vi innkomne plantemateriale frå følgjande leverandørar: Ruddi Perriard, Danmark og Plantasjen, Forus.

Vegetasjonskontrollerande tiltak

Etter at heile feltet med sitkagran ved Aktivitetshuset blei hogd i 2011, ser vi etterkvart gjengroingsprosessen levande demonstrert. Oppslaget av ulike ugrasartar, grasvekstar, bringebærkratt, geiterams og lauvkratt etablerar seg i stadig sterkare grad, og vil etterkvart by på nye utfordringar.

I hogstfeltet som grensar til Myklabustveien og Melshei-området, har tilgroinga kome endå lenger. Her har både strandrøyr, geiterams, tistel, hyll og anna lauvkratt fått godt fotfeste. I arbeidet med å halde grasvegetasjonen nede i dei mest trafikkerte områda, har vi hatt i sving 2 – 3 ryddesager gjennom sommarsesongen.

Det har også blitt lagt ned ein del energi i manuell rydding av bringebær, bjørnebær og geiterams.

Utfordringane har spesielt vore der fleirårige ugras har etablert seg i store, tettplanta område, og i felt med buskvekstar som har liten dekkevne.

Løvetann, vassarve og groblad har spreidd seg utover, og har fått godt fotfeste mange stader. For å hindre ein del frøspreinga hos groblad, blei det luka ein god del i Rhododendronaldalen og i Trollhasselfeltet.

I tillegg til offensiven mot skvallerkål, hundekjeks, høymole, svineblom, hundegras, landøyda, lyssiv og knappsiv, blei det også gjort ein innsats mot tistel som raskt har får etablert seg på hogstflatene.

Dammar, vegar og plenar

Dette året blei det luka vassplanter både i Fiskedammen og i delar av Øvre Dam. I dette arbeidet er både vadebukse og båt ein del av utstyret.

Vi brukte også litt tid på å grave opp mange planter av skunkkala (*Lysichiton americanus*). Denne kraftigveksande planten har tidlegare frøsådd seg rikeleg frå Nedre Dam og nedover bekkerfaret til Skittjørn. Der miljøet ligg til rette for det, ser vi at denne arten har potensiale i seg til å opptre invasivt. Denne frodige sumpplanta har absolutt prydverdi med sin tidlege blomling og enorme bladstorleik, men må haldast under kontroll. Rotsystemet er djupt og svært kraftig, og ein del av rotstokkane vil nok spire opp att til neste sesong. Alt av frø blir fjerna frå desse plantene kvart år, slik at vi unngår vidare spreiding av denne storblada planten lenger nedover i vassdraget.

Vi har elles ein del utfordringar å ta tak i når det gjeld problemet med lekkasje ved utløpsrennene i fleire av dammane våre, særleg i Øvre Dam, Nedre Dam og Madammen. I tillegg er det lekkasjar både i Eikedammen og langs bekkeløpet nedanfor Fossedammen. Vi har dette året prioritert andre trengande oppgåver, vel vitande om at behovet for utbetring og reparasjonar ikkje blir mindre i tida som ligg føre.

For å drifte og utvikle området, er vi heilt avhengig av ein velfungerande infrastruktur. Dessverre lir mykje av vegnettet under dårleg fundamentering og profil, i tillegg til stadig aukande problem med slitasje og skadar pga. store vassmengder. Parallelt med dette utgjer kantvegetasjonen ei stor utfordring ved at den i stor grad påvirkar dreneringsevna langs vegane. P.g.a. manglande profil blir overflatevatnet altfor lett «fanga» inne på vegane slik at grusdekket renn av.

Det er brukt mykje tid og ressursar på preparering, utbetring og reparasjonar av vegnettet dette året. Enkelte nye røyr er lagt ned, og andre har blitt oppskalerte pga. manglande kapasitet i flaumperiodar.

Langs den nedre flata av Lerkestien blei det lagt ned ca 45 m røyr, slik at vi kunne få fylt att mesteparten av denne opne grøfta. Slik oppnådde vi å få lettare tilgang til området mot Gløersens Minne og Urtidstrefeltet. Ein liten drengskumme m. rist blei plassert litt ute på flata her, med tilkopling til det nye røyrlopet.

I samband med den omfattande opprustinga av Via Bella, blei det lagt ned nokre røyr lengder på fleire plassar for å skåne vegen mot avrenning. Kostnaden knytta til dette vegprosjektet blei delt mellom Statskog og Arboretet.

Vi må alltid vere på vakt i nedbørsrike periodar med å sjekke grøfter, stikkrenner og røy for å prøve å hindre øydeleggande overfløymingar. Fleire flaumperiodar har gjennom året minna oss om kor viktig det er å bruke tid på førebyggjande arbeid på dreingssystema. Slikt ettersyn og oppreinskingsarbeid har vi måtta gjere ganske ofte gjennom hausten og vinteren.

Det blei i løpet av året utført ein god del tyngre oppgraderings- og prepareringsarbeid på fleire av vegane våre. Samstundes blei det reinska opp i grøftene langs desse vegstrekningane.

Både Via Bella, Myklabustveien, delar av Rundgangen, vestre del av Bergstien og øvre del av Blåbærstien og Fjellveien var omfatta av dette anleggsarbeidet.

Langs Myklabustveien blei det også fjerna ein god del overflødig stein etter utbetningsarbeidet her.

Litt prepareringsarbeid blei også gjort i Uglestien, særleg i enden mot Via Bella.

Slitasjen blir spesielt stor på den delen av Solstien som går langs P-plassane, og vi har i lang tid slite med «vaskebrett» på denne strekninga. Vi brukte difor ein del tid her for å bøte på dette ved å lage ein better vegprofil. Dette har i ettertid vist seg å fungere godt, men den store slitasjen vil alltid by på utfordringar å kunne halde vedlike.

I ein periode på 1 mnd. i dette vegarbeidet hadde vi gleda av å få låne gratis ein 5,5 tonns gravemaskin med tilteskuffe. Vi har i årevis sakna ein maskin med ei slik skuffe, så denne var til veldig stor nytte for oss i vegarbeidet.

Dei grovt anlagte plenane våre er ei ganske stor påkjening for både mann og maskin. Her er det absolutt behov for ei større oppgradering, men vi har heller ikkje dette året kunne prioritere denne type omfattande og tidkrevjande anleggsarbeid.

Vi har framleis eit titals ledige bordplassar ute i terrenget som vi svært gjerne skulle fylt med nye utebord.

Rydding og hogst

Førjulsstormen i 2012 resulterte i nye vindfall og rotvelter som måtte ryddast opp i ved starten på det nye året. Slikt oppryddingsarbeid er krevjande og fører alltid til ein viss risiko. Etter dette uværet låg det tre på bakken både langs fylkesvegen, Harestubben og i Gløersens Minne. Dei velvaksne trea som låg over ende i Gløersens Minne, var ei spesiell utfordring å få drege fram og lasta opp.

Som forventa resulterte den omfattande maskinelle tynningshogsten i 2012 til ytterlegare vindfall og brekkasje rundt omkring. I gamleskogen Gløersens Minne, har vi fått bekrefte at sjølv ei varsam tynning lett kan resultere i betydeleg vindfallrisiko.

I siste del av året, særleg stormen 5. desember, førte til ytterlegare vindfall med tungt etterfølgjande oppryddingsarbeid. I denne omgang var det særleg grana i området langs grensena frå Aktivitetshuset til Vassvikveien, via Harestubben og driftsavdelinga. Igjen ser vi at hogstaktiviteten langs grensa til Arboretområdet har påverka stabiliteten hos dei gjenstående grantrea som står innanfor grensa.

Til slikt tungt grovarbeid er vi avhengige av både vinsj og tømmervogn.

Suppleringshogsten i ytre delen av det nyanlagte sauebeitet langs Vassvikveien, førte også med seg ytterlegare framdraging av tømmerstokkar. Her blei greinmaterialet samla og brent då vérforholda var passende.

For å sikre ein betre lystilgang blei det fjerna eit tjuetals furutre i feltet som er avsett til dvergrhododendron, øvst i skråninga mellom Utsikten og Kristtormstien.

Det blei elles i løpet av året utført lettare hogst- og ryddearbeid spreidd i andre område, m.a. vestanfor Skogarberg.

Alt hogst- og kvistearbeidet resulterte i store mengder av greiner og kvistar som etterkvart måtte kvernast opp.

Det har gått med mange timars arbeid i løpet av året med framdraging av greiner, både i lett og meir krevjande terreng.

Etter maskinell tynning og massevis av greinavfall i skogsområdet mellom Solstien og Vassvikveien, har det i løpet av året blitt rydda og framdrege store mengder greiner.

For å kunne bli kvitt så store mengder med greinavfall, måtte det til eit betydeleg antal driftstimar på fliskuttaren vår. Denne maskinen har vist seg å vere veldig driftssikker, og har imponert oss med alt den har klart å fordøye opp gjennom åra.

Lauvkratt og småtre blei rydda i området rundt Aktivitetshuset og Tømmerhytta, i området mellom Uglestien og Lerkestien, og elles litt i spreidde felt rundt omkring i Arboretet.

Både raudhyll og svarthyll spreier seg lett rundt i lysopne område, og vil raskt etablere livskraftige klynger av kratt om dei ikkje blir fjerna etterkvart. Det blei også fjerna ein god del hyllekratt på hogstflata i det nye området vårt, nedanfor Myklabustgardane.

I samband med oppgraderinga av vegdekket på Via Bella og Myklabustveien, blei det utført ein del oppstammingsarbeid langs desse vegane. Det blei også gjort oppstammingsarbeid langs øvre del av Lerkestien og i Maurhåla.

I samband med påføring av grus i ein av gangstiane gjennom det nyleg tillagte området vest for Rundgangen, blei det stamma opp mange grantre langs traséen.

Flis og ved

Også dette året blei det spreia ut store mengder flis på dei fleste av småstiane rundt omkring i Arboretet.

Vedproduksjonen dette året har vore spesielt stor og har ført med seg mykje tidkrevjande arbeid. Vi har merka oss at etterspørselen på ved har minka av dei siste åra. I håp om å gjere veden lettare salgbar, blei det difor gjort fleire grep undervegs i vedproduksjonen. Veden blei kappa i 30 cm og lagt i store nettsekker som blei stabla på pallar. Med dette håpa vi også på å finne fram til ein sikrare og meir stabil måte å dekke over veden på. Vi måtte sjå oss etter nye oppstillingsplassar for å finne passande og tilstrekkeleg areal til alle pallane. Ca 150 vedsekkpallar, inkl. ein del pallekassar, blei produserte og stilte opp på rekkje, både i Harestubben og Rådyrstien. Ei etterlagring i garasjane krevde også sitt av tid med omlesing og behov for ekstra innandørs lagerplass.

Ei slik omlegging i vedproduksjonen har vore ressurskrevjande, og har periodevis vore meir enn utfordrande nok med dei forutsetningane vi har.

Brannvern

Den årlege kontakten med brannvesenet er ein viktig faktor for oss i det beredskapsmessige arbeidet. Av ulike grunnar blei det ikkje gjennomført befaringar og visningar dette året, men dei har ein klar strategi og beredskapsplan for Arboretområdet hvis ei krise skulle oppstå.

Rørleidningsnettet, som er delt i 3 traséar, består av 22 hydrantkummar over eit strekk på 2,2 km. Eit slikt omfattande anlegg krev også sitt av tilsyn og oppfølging for å sikre at systemet er operativt. Det betyr m.a. sjekking og reingjering, med ifylling utpå våren og uttapping i løpet av seinhausten før frosten får tak.

Utover ettervintaren og våren kan sol og vind endre brannfaretrusselen frå «ingen risiko» til «stor risiko» i løpet av nokre få timar. Kun ein liten sneip kan utløse den store katastrofen.

Kvart år finn vi til vår store uro etterlatne eingongsgrillar og bålrestar både her og der.

BYGNINGAR OG ANLEGG

I midten av august fekk vi endeleg installert lys i begge mastene ved den inste P-plassen, følgjeleg som ei betre sikring rundt den sist monterte P-automaten.

Jamnleg bruk og slitasje knytta til utleige og kafeteriadrift i Aktivitetshuset og Tømmerhytta, betyr også behov for regelmessig tilsyn og vedlikehald.

I denne samanheng er vi også glade for å ha stabile og dyktige vaskehjelpere som sørger for eit godt reinhald, og som bidreg til at Hus og Hytte er godt bruksklare.

Eit nytt blandedbatteri blei montert på kjøkkenet i Aktivitetshuset, og ein lekkasje gjorde at det måtte skiftast ut røyr frå VVS-beredaren i kjellaren.

Eit nærgående uvér med lynneslag 2. august, førte til ein god del problem og skadar på el.komponentar, tele-, data- og alarmanlegget. I etterkant kom så alt det tidkrevjande arbeidet med div. kartlegging, feilsøking og utskifting av ulike innretningar. Både PC i Blokkhuset og 2 overvakingskamera ved ytste P-plassen måtte skiftast ut. Eit liknande uvér 6. september førte heldigvis kun til små skadar.

Etter ein del års bruk, var tida moden for ein service på leddportane i betonggarasjen.

Bil, maskinar og utstyr

Utpå sommaren kvitta vi oss med den godt utbrukte Toyota-varebilen. Som ei erstatning for denne, blei det i november investert i ein velhalden og praktisk pickup med aluminiumsplan, VW Transporter 2007-mod. til ein gunstig pris.

Mitsubishi-varebilen blei levert til service på Bilsenteret Ålgård.

Dette året blei begge traktorane, MF 365 og New Holland, leverte inn til hovudservice. I tillegg kom ein ekstra og kostbar reparasjonsrunde med clutch-skifte for sistnemnde traktor. Fleire reparasjonar av bremseoverføringa på den vesle Kubota-traktoren, har forlenga brukstida på denne gamle slitaren.

Plenklypparen får kjørt seg hardt på våre plenar, og måtte gjennom tre rundar med reparasjonar utover i sesongen. Det blei m.a. avdekkja brot på ramma, som nok skuldast store belastningar over tid. I to andre omgangar måtte både gasswire og strammefjor skiftast ut.

I løpet av året blei det elles i eigen regi utført reparasjonar og vedlikehald på både biltilhengar, traktorar, fliskuttar, vedmaskin og anna maskinelt utstyr.

Ettersom alder og slitasje gjorde seg gjeldande for motorsagene, blei det kjøpt inn ei ny. Det blei elles kjøpt inn andre reiskapar, verktøy, verneutstyr og anna verkstadrekvisita etter behov.

KONTOR OG ADMINISTRASJON

Dei fortløpande kontor- og administrasjonsoppgåvene er mange og varierte, og blir i stor grad utført av vår kontoransvarlege.

Dagleg tilsyn i samband med utleige av Aktivitetshuset og Tømmerhytta er oppgåver som også følgjer med denne stillinga. I tillegg følgjer ansvaret for oppfølging av Arboretvennane, oppfølging av styresaker, fakturering, rekneskapsoppfølging og arkiveringsarbeid.

Utfordringane er framleis store også innan det grøntfaglege kontorarbeidet. Vi har ikkje fått dekkja inn den tidlegare 50% stillinga som vi mista i 2012, og resultatet blir eit stadig større etterslep. Det gjer seg m.a. utslag i manglande kapasitet ift. etikettering, generell planteoppfølging, katalogisering av fagbiblioteket, og anna fagleg oppfølgingsarbeid som m.a. har adresse til hagedatabasen.

Fagbiblioteket blei dette året utvida med 220 nye titlar, og inneheldt totalt 1.822 titlar. Biblioteket er ei viktig kunnskapskjelde og med ei mengd oppslagsverk til støtte i arbeidet med div. planlegging, informasjon, undervisning, referanse og dokumentasjon.

På kontoret blei det skifta til nytt nettverkskort på den eldste PC-en, og det blei kjøpt inn ein A3 lamineringsmaskin.

PLANAR OM NYBYGG

Behovet for meir plass til kontor, bibliotek, arkiv, lager, i tillegg til utstillings-, informasjons- og undervisningslokaler har vi kjent på i ei årrekke. Det finst også andre behov for tilbod som våre besøkande vil kunne ha både nytte og glede av. Dei økonomiske rammene for drift og utvikling har så langt hindra institusjonen i å kunne imøtekomme desse behova.

Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finna løysingar som skal kunne sikra Arboretet betre inntektsgrunnlag på lengre sikt.

Alt i 2007 kom tanken om eit kombinert bygg for konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Konsulent blei involvert, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitekter.

Dette året blei formminneundersøkinga for reguleringsområdet ferdigstilt, og det aktuelle arealet kunne såleis klarerast for vidare prosjektering.

Eit oppdatert og justert reguleringsforslag (planforslag), med konsekvensutgreiing, blei i mars oversendt til Sandnes kommune frå Brandsberg-Dahls Arkitekter.

I etterkant av dette har det fortløpande vore div. oppfølgingsarbeid ift. tilbakemeldinga frå kommunen ang. reguleringsplanen.

KURS FOR STABEN

I oktober deltok Darek Gol på eit nyleg oppdatert sikkerhetskurs i Polen, som omhandla både hogstteknikk og bruk/vedlikehald av motorsag og ryddesag.

DIVERSE

Juletresalet held fram som før, i samarbeid med vår nabo Paul Kyllingstad. Han leiger området ved Driftsavdelinga til desse aktivitetane. Her blir det også laga til litt miljø rundt dette, med salg av julegraut og tilbehør dei siste laurdagane før jul.

Lions Club stod for sal av julegraut i kafeteriaen dei 2 siste søndagane før jul.

Utkøyringssalet av juletre i Arboretet sin regi, held fram som tidlegare år.

Arborettrimmen, som blir arrangert av Sandnes Idrettslag, er også ein av dei faste årlege aktivitetane knytta til området. Dette arrangementet gjekk av stabelen fordelt over 4 laurdagar, i perioden 19. oktober til 30. november. Ein ivrig gjeng med eldsjeler bidreg med sin innsats og har gjort dette til eit fast årleg innslag. Arborettrimmen har vore arrangert i heile 35 år. Deltakinga her har vore rimeleg stabil og god.

Lions Club arrangerte det årlege rullestølløpet «Full Rulle» 5. mai. Som vanleg blei dette eit vellukka arrangement, og samla ca 70 glade deltakarar. Invitasjon blei sendt ut, og dei påmeldte kom frå fleire av dei nærliggjande kommunane. Arrangementet har blitt gjennomført i heile 23 år, og dreve fram av eldsjeler i Lions Club. Ansvarlege for opplegget var Jan Refsnes, Tore Idsøe og Asbjørn Sandaker. Dessutan var helse- og sosiallinja på Gand vgs. med på laget som arrangør. Den lokale gruppa «Visegaukene» sørga for den musikalske ramma rundt arrangementet.

Jærsoppen, Sør-Rogaland sitt lokallag av Norges sopp- og nyttevekstforbund, har sidan stiftinga i 1992 nytta Arboretet som base for det meste av aktivitetane sine. Både Aktivitetshuset og Tømmerhytta har vore i bruk til møter, foredrag og kurs, som er opne for alle interesserte. Jærsoppen arrangerte 6 gratis soppkontrollar i Arboretet i løpet av hausten.

